



FORUM for KONTROLL og TILSYN.

Ein møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutval,
og deira sekretariat.

NOTAT (Versjon 3)

OM ULIK SEKRETARIATSORDNING

FOR KONTROLLUTVALA

I NORSKE KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR.

Til:

KRD si arbeidsgrupper, som skal føreslå tiltak for å styrkja eigenkontrollen i
kommunar og fylkeskommunar

Frå:

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Merknad:

KRD si arbeidsgruppe har tinga notatet av FKT.

Bergen 19. mai 2009

Terje Hermansen (s)
styreleiar

Hogne Haktorson
dagleg leiar

Versjon	Kva:	Merknad:
1	Opprinneleg notat av 19.05.09.	
2	Redigering av 07.07.09.	Kun endring vedr. modell 7c, Trondheims-modellen.
3	Redigering av 03.09.09.	Kun endring vedr. modell 7b. EIGE SEKR. som og sel tenester – underlagt KUV.

Sekretariat: FKT c/o Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet, Pb. 7900, 5020 Bergen.

Fax 55239499 - Direkte telefon: 55 23 94 53 / 55 23 94 47 – Mobil 911 05 982 / 97 50 51 52

E-postadresse: sekretariat.kuv@post.hfk.no Heimeside: www.ffkt.no

Org. nr. 989 545 159 - - - Bankkto. nr. 0539 43 90447.

Innleiing.

Det er altså KRD si arbeidsgruppe har tinga notatet av FKT. I kartlegginga er det gjort eit forsøk på å kategorisera dei mange ulike sekretariatsordningane som er oppretta for kontrollutvala i norske kommunar og fylkeskommunar.

Kartlegginga omfattar etter dette:

Modellar, sekretariat, kommunar og fylkeskommunar	Tal.
Ulike sekretariats-modellar	13
Ulike sekretariats-modellar, inkl. ”undergrupper”	16
Antal sekretariat	65
• Dei dekkar antal kom. (inkl. Oslo som og er f.kom.)	430
• Dei dekkar antal fylkeskom.	19

Her er grovskisse over dei 13 (16) sekretariats-modellane:

Modell:	Sekretariatsordning	Sekretariat	Kommunar	F. kom.
Mod. 1	IKS – ”Sekretariatsselskap”	14	174	6
Mod. 2	INTERKOMMUNALT SAMARBEID (KL. §27)	14	117	5
Mod. 3	VERTSKOMMUNE-MODELL (KL. §28)	2	17	
Mod. 4a	AS – ”Revisjonsselskap”	4	20	
Mod. 4b	AS – ”Sekretariatsselskap”	1	12	
Mod. 5	ENKELTMANNSFØRETAK	1	6	
Mod. 6	SØRLANDS-MODELLEN	4	14	2
Mod. 7a	EIGE SEKRETARIAT – underlagt kontrollutvalet	7	3	5
Mod. 7b	EIGE SEKR. som og sel tenester – underlagt KUV.	1	14	1
Mod. 7c	TRONDHEIMS-MODELLEN	1	1	
Mod. 8	VALDRES-MODELLEN	2	12	
Mod. 9	POLITIKAR-MODELLEN	4	4	
Mod. 10	KOMMUNALT BYTTEFORHOLD.	1	3	
Mod. 11	ROMERIKE-MODELLEN	2	13	
Mod. 12	MIX MELLOM SEKR. OG REV. (for same kom.)	1	8	
Mod. 13	ANDRE PRIVATE SELSKAP	6	12	
	SUM:	65	430	19

Fleire opplysningar om modellane og det einskilte sekretariat, følgjer på dei neste sidene.

- Mange opplysningar her er henta inn frå primærkjelder i vk. 20. – 21. / 2009.
- Det er og ein del opplysningar som byggjer på sekundærkjelder frå 2008 / 2009, noko som gjer at det kan vera endringar siste tida som ikkje er fanga opp.
- Oversynet skulle likevel gje ein svært godt oversyn over situasjonen i Norge pr. 19. mai 2009.

Dersom dette notatet kun hadde opplisting av ordningar som vert nytta i dag, utan nærare kommentar, kunne det oppfattast som at det var ordningar som ein gjekk god for. FKT har derfor teke med nokre refleksjonar rundt dei ulike ordningane. Her finn ein oppsummert at:

- nokre modellar framstår som gode ordningar.
- nokre har klart uheldige sider som Departementet bør vurdere
- nokre går etter FKT si meining utover lova sine intensjonar. Dept. bør vurdere å forby slike ordningar.

Modell 1	IKS – ”Sekretariatselskap”	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 14	Kommunar: 174 / Fylkeskommunar: 6
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Indre Østfold Kontrollutvalgssekretariat IKS (11 kom.) • Follo interkommunale kontrollutvalgssekretariat (FIKS) (6 kom.) • Glåmdal sekretariat IKS (7 kom.) • Kontrollutvalg Fjell IKS (9 kom.) • Kontrollutvalgssekretariatet i Buskerud og omegn (KUBIS) (16 kom. / 1 fk.) • Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS (17 kom. / 1 fk.) • Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS (10 kom.) • Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS (12 kom.) • Kon-Sek Midt-Norge IKS (14 kom. / 1 Fk.) • Fosen kontrollutvalgssekretariat IKS (8 kom.) • Komsek Trøndelag IKS (22 kom. / 1 Fk.) • K-Sekretariatet IKS (23 kom. / 1 Fk.) • Kontrollutvalgan IS (9 kom. / 1 Fk.) • Kontrollutvalgssekretariatet i Vest-Finnmark IKS (10 kom.) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Interkommunalt selskap (IKS) • ”Sekretariatselskap” • Eige rettssubjekt • Sekretariatstenesta vert utført i kommunal eigenregi • Arbeidsgjevaransvaret er ivareteke med eige styre 	
FKT sin merknad:	Ordninga må reknast å vera i tråd med lov og forskrift, samt lovgjevar sine intensjonar når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar og skilje frå administrasjon.	

Modell 2	INTERKOMMUNALT SAMARBEID (KL. §27)	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 14	Kommunar: 117 / Fylkeskommunar: 5
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Østfold kontrollutvalgssekretariat (ØKUS) (7 kom.) • Akershus og Østfold kontrollutvalgssekretariat (2 fk.) • Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet (3 kom. / 2 Fk.) • Sekretariat for kontrollutvalgene i Sør-Østerdal (6 kom.) • Sekretariat for kontrollutvalga i Nord-Gudbrandsdalen (SKNG) (6 kom.) • Vestfold interkommunale Kontrollutvalgssekretariat (VIKS) (11 kom. / 1 fk.) • Agder sekretariat IS (16 kom.) • Rogaland kontrollutvalgssekretariat IS (17 kom.) • SEKOM sekretariat (11 kom.) • Søre Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat (7 kom.) • Sekretariatskontoret for kontrollutvalgene for Sør og Ytre Helgeland (12 kom.) • Indre Helgeland kontrollutvalgssekretariat (IHKUS) (6 kom.) • Salten kontrollutvalgsservice (9 kom.) • Kontrollutvalgssekretariatet i Lofoten (6 kom.) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Interkommunalt samarbeid, ut frå kommunelova § 27 • Kan vera eige rettssubjekt, men kan og vera underlagt kommunen / kommunane. • Sekretariatstenesta vert utført i kommunal eigenregi • Arbeidsgjevaransvaret er ivareteke med eige styre 	
FKT sin merknad:	Ordninga må reknast å vera i tråd med lov og forskrift, samt lovgjevar sine intensjonar når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar og skilje frå administrasjon.	

Modell 3	VERTSKOMMUNE-MODELL (KL. §28)	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 2	Kommunar: 17 / Fylkeskommunar: 0
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalgssekretariat Nordmøre (8 kom.) • Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal (9 kom.) • 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Vertskommunemodell ut frå kommunelova § 28 • Ikkje eige rettssubjekt, men underlagt vertskommunen • Sekretariatstenesta vert utført i kommunal eigenregi • Har gjerne eigne oppnemnde samarbeidsforum (t.d. samansett av kontrollutvalsleiarane i medlemskommunane), men det er ikkje spesifisert at dette forumet har arbeidsgjevaransvaret. Dette må evt. ligga til kontrollutvalet i vertskommunen. 	
FKT sin merknad:	Ordninga må reknast å vera i tråd med lov og forskrift, samt lovgjevar sine intensjonar når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar og skilje frå administrasjon.	

Modell 4a	AS – ”Revisjonsselskap”	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 4	Kommunar: 20 / Fylkeskommunar: 0
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Deloitte AS (3 kom.) • Inter Revisjon Gudbrandsdalen AS (3 kom.) • PricewaterhouseCoopers AS (PwC) (9 kom.) • Hålogaland Revisjon AS (5 kom.) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Aksjeselskap (AS) • Revisjonsselskap som sel sekretariatstenester for andre kommunar / fylkeskommunar enn dei evt. er revisor for. • Sekretariatstenesta er konkurranseutsett / vert utført i anna regi for kommunane. 	
FKT sin merknad:	Ordninga må reknast å vera i tråd med lov og forskrift, samt lovgjevar sine intensjonar når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar og skilje frå administrasjon.	

Modell 4b	AS – ”Sekretariatsselskap”	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 1	Kommunar: 12 / Fylkeskommunar: 0
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalgstjenester AS (12 kom.) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Aksjeselskap (AS) • Sal av sekretariatstenester for kontrollutval, som sentralt arbeidsfelt. • Sekretariatstenesta er konkurranseutsett / vert utført i anna regi for kommunane. 	
FKT sin merknad:	Ordninga må reknast å vera i tråd med lov og forskrift, samt lovgjevar sine intensjonar når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar og skilje frå administrasjon.	

Modell 5	ENKELTMANNSFØRETAK	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 1	Kommunar: 6 / Fylkeskommunar: 0
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Abra analyse (6 kom.) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Enkeltmannsføretak. • Sal av sekretariatstenester for kontrollutval, som sentralt arbeidsfelt. • Sekretariatstenesta er konkurranseutsett / vert utført i anna regi for kommunane. 	
FKT sin merknad:	Ordninga må reknast å vera i tråd med lov og forskrift, samt lovgjevar sine intensjonar når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar og skilje frå administrasjon.	

Modell 6	SØRLANDS-MODELLEN	
	Fylkesrevisjon og revisjonsdistrikt som yter sekretariatstenester for andre	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 4	Kommunar: 14 / Fylkeskommunar: 2
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Aust-Agder Fylkesrevisjon (9 kom.) • Vest-Agder Fylkesrevisjon (2 kom.) • Arendal revisjonsdistrikt IKS (2 kom. / 2 Fk.) • Kristiansand revisjonsdistrikt IKS (1 kom.) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Fylkesrevisjon og revisjonsdistrikt som yter sekretariatstenester for andre kommunar / fylkeskommunar enn dei er revisor for. Ikkje i direkte "bytteforhold", som i "Romerike-modellen". • Sekretariatstenesta vert utført i anna regi for kommunane. 	
FKT sin merknad:	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje direkte ulovleg, men ein uheldig kombinasjon ut frå føresetnadene i den nye lova. Det er liten grunn til å tru at ikkje desse revisjonsselskapa vil ha stor lojalitet til kvarandre i mange samanhengar, td. når det gjeld evt. konkurranseutsetting av revisjonstenestene. • KRD bør vurderer desse momenta. 	

Modell 7a	EIGE SEKRETARIAT – underlagt kontrollutvalet	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 7	Kommunar: 2 / Fylkeskommunar: 5
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Sekretariat for kontrollutv. i Oslo kom. (1 kom. / 1 Fk.) (Er både kom. og f.kom.) • Kontrollutvalgets sekretariat i Bærum kommune (1 kom.) • Kontrollutvalgets sekretariat i Rogaland fylkeskommune (1 Fk.) • Sekretariat for kontrollutvalget i Bergen kommune (1 kom.) • Sogn og Fjordane fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet (1 Fk.) • Kontrolldirektøren i Møre og Romsdal fylke (1 Fk.) • Nordland fylkeskommune, kontrollkomiteens sekretariat (1 Fk.) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Tilsett i den kommunen / fylkeskommunen som kontrollutvalet dekkar • Den / dei tilsette er underlagt kontrollutvalet. For Bærum kommune sin del var det noko uavklart kven som hadde kva ansvar – kontrollutvalet vs. kommuneadm. – ifm. arbeidsgjevarspørsmål. • Ikkje eige rettssubjekt, men underlagt kommunen / fylkeskommunen der vedkomande er tilsett. 	
FKT sin merknad:	Ordninga må reknast å vera i tråd med lov og forskrift, samt lovgjevar sine intensjonar når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar og skilje frå administrasjon.	

Modell 7b	EIGE SEKRETARIAT som og sel tenester – underlagt kontrollutvalet	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 1	Kommunar: 14 / Fylkeskommunar: 1
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet (14 kom. / 1 Fk. / FKT) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Tilsett i den kommunen / fylkeskommunen som kontrollutvalet dekkar • Den / dei tilsette er underlagt kontrollutvalet • Sekretariatstenesta vert utført i eigenregi for eigarkommunen(ane) og i anna regi for kommunar som kjøper tenester og for FKT. • Arbeidsgjevaransvaret er ivareteke av kontrollutvalet. 	
FKT sin merknad:	Ordninga må reknast å vera i tråd med lov og forskrift, samt lovgjevar sine intensjonar når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar og skilje frå administrasjon.	

Modell 7c	TRONDHEIMS-MODELLEN EIGE SEKRETARIAT – underlagt kontrollkomiteen	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 1	Kommunar: 1 / Fylkeskommunar: 0
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Trondheim kommune (1 kom.) 	
Fakta:	<ul style="list-style-type: none"> • Bystyret har sett av eit årsverk til kontrollkomiteens sekretariat. Sekretariatet består av to i delstillingar; 30% og 50%. (I øvrig del av heil stilling for dei to er dei underlagt ordføraren.) • 20% avsett for kjøp av tenester. • Sekretariatstenesta blir utført i kommunal eigenregi underlagt kontrollkomiteen. • Det er same person som er leiar for kontrollkomiteens sekretariat og bystyrets sekretariat. 	
FKT sin merknad:	<ul style="list-style-type: none"> • Frå Trondheim bystyre si sak 38/09, merkar FKT seg vedlegg frå KS Advokatene av 4. mars 2009. Her står det bl.a. på side 3: <i>"Jeg ser av arbeidsbeskrivelsen for bystyresekretariatet at det der ligger en rekke oppgaver som har å gjøre med formannskap, bygningsråd, eldreråd, byutviklingskomiteen osv. Dette er organer som kontrollutvalget har tilsynsansvar i forhold til."</i> Vedlegget har, slik FKT ser det, ein god del "gråsoneproblematikk" i seg. • Departementet bør vurdera ordninga, særleg om dei tilsette er uhilda nok. 	

Modell 8	VALDRES-MODELLEN	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 2	Kommunar: 12 / Fylkeskommunar: 0
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Valdres kommunerevisjon (§27) (6 kom.) • Kommunerevisjonen i Nordfjord. (6 kom.) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalsleiar eller kontrollutvalsmedlem er den formelle sekretæren for sitt eige utval. • For fleire av desse yter revisjonen sekretærtjenester for dei same kommunane som dei reviderar. • Kjøp av tenester i eigen regi. • Arbeidsgjevaransvaret er ivareteke for same styret som for revisjonen. 	
FKT sin merknad:	<ul style="list-style-type: none"> • Etter FKT si meining går den utover lova sine intensjonar, når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar. • Departementet bør vurdera å forby ordninga. 	

Modell 9	POLITIKAR-MODELLEN	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 4	Kommunar 4 / Fylkeskommunar: 0
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Nesodden (1 kom.) • Asker (1 kom.) • Jondal kommune (1 kom.) • Sund kommune (1 kom.) (Vurderar for tida å gå over til anna ordning) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalsleiar eller kontrollutvalsmedlem er sekretær for sitt eige utval • Ein variant av "Valdresmodellen"? • Store utfordringar med å ivareta det løpande ansvaret for sekretariatstenesta og bestillarrolla. • Ei form for utføring i eigen regi. • Arbeidsgjevaransvaret vert ivareteke av kontrollutvalsmedlema sjølve i møte. 	
FKT sin merknad:	<ul style="list-style-type: none"> • Ordninga må truleg reknast å vera i tråd med lov og forskrift når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar. Samstundes kan det diskuterast om det var lovgjevar sin intensjon om at kontrollutvalet sjølv skulle ivareta sekretariatsfunksjonen. • Uheldig ordning • Departementet bør vurdere å forby ordninga. 	

Modell 10	KOMMUNALT BYTTEFORHOLD.	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 1	Kommunar: 3 / Fylkeskommunar: 0
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Askøy, Vaksdal og Samnanger. (3 kom.) (Samnanger vurderar for tida å gå over til anna ordning) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Tilsett i rådmannen sin administrasjon er sekretær for kontrollutvalet i ein annan kommune. Gjerne "bytteteneste". • Ei form for kjøp av tenester i anna regi. • Arbeidsgjevaransvaret er ivareteke av kommunen der vedkomande er tilsett. 	
FKT sin merknad:	<ul style="list-style-type: none"> • Ordninga må reknast å vera i tråd med lov og forskrift når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar. • Samstundes kan det diskuterast om det er i tråd med lovgjevar sin intensjon om skilje mellom sekretariatstenesta og administrasjon i kommunen når vedkomande som utfører tenesta kan koma i situasjonar der det vert stilt spørsmål ved habilitet. Eitersom vedkomande og utfører andre ordinære kommunale oppgåver, og kommunar samarbeidar innafor mange felt, kan det oppstå ein situasjon der kontrollutvalet ønskjer særskilt fokus på dette ansvars / samarbeidsfeltet som vedkomande elles utfører. • FKT meiner det er uheldige sider med eit slik bytteforhold. • Fare for at ein er gjensidig grei med kvarandre? – eller at ein "tar att" for sist? • KR D bør vurdere desse momenta. 	

Modell 11	ROMERIKE-MODELLEN	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 2	Kommunar: 13 / Fylkeskommunar: 0
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Øvre Romerike Revisjonsdistrikt IKS (4 kom.) • Østre Romerike Revisjonsdistrikt (§27) (9 kom.) 	

Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • ”Byttarbeid” mellom revisjonsdistrikt. • Revisjonsdistriktet i Østre Romerike er sekretariat for kommunane på Øvre og Nedre Romerike og Øvre Romerike utfører sekretariatsfunksjonen for kommunane på Østre Romerike. • Kjøp av sekretariatstenester i anna regi. • Modellen liknar ”Sørlandsmodellen”. • Arbeidsgjevaransvaret er ivareteke av revisjonseininga. •
FKT sin merknad:	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje direkte ulovleg, men ein uheldig kombinasjon ut frå føresetnadene i den nye lova. Det er liten grunn til å tru at ikkje desse revisjonsselskapa vil ha stor lojalitet til kvarandre i mange samanhengar, td. når det gjeld evt. konkurranseutsetting av revisjonstenestene. • KR D bør vurdere desse momenta.

Modell 12	MIX MELLOM SEKRETARIAT OG REVISJON (for same kommunar).	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 1	Kommunar: 8 / Fylkeskommunar: 0
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Regionrådet Nordhordland IKS (8 kom.) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Sekretæren er tilsett i Regionrådet. • Regionrådet leiger så sekretæren ut til revisjonsdistriktet, for å vera forvaltningsrevisor overfor 7 av dei same 8 kommunane. 	
FKT sin merknad:	<ul style="list-style-type: none"> • Departementet har tidlegare uttalt at ordninga er ulovleg. • Det skal vera gjort ei administrativ justering, men med same reelle innhald som før. 	

Modell 13	ANDRE PRIVATE SELSKAP	
Tal →	Sekretariat etter denne modellen: 6	Kommunar 12 / Fylkeskommunar: 0
Kven:	<ul style="list-style-type: none"> • Kontorbygg AS (1 kom.) • Advokatfirmaet Drevland (1 kom.) • Os Bygg og Eigedom AS (kommunalt selskap) (1 kom.) • Avtale med bedriftsrådgevar. (7 kom.) • Avtale med privat konsulent (1 kom.) • Avtale med privat sekretær (1 kom.) 	
Skildring:	<ul style="list-style-type: none"> • Her er fellesnemnaren at det er eit privat selskap som leverer sekretariatstenestene. • Kjøp av sekretariatstenester i anna regi. 	
FKT sin merknad:	Ordninga må reknast å vera i tråd med lov og forskrift, samt lovgjevar sine intensjonar når det gjeld skilje mellom bestillar og utførar og skilje frå administrasjon.	

Avsluttande merknader:

Etter FKT sitt syn, er det stor variasjon blant dei 65 sekretariata me har funne i Norge:

- Dei langt fleste sekretariata har ei god organisering, og det ligg til rette for å bli utført eit godt fagleg arbeid. Her finn ein gode og uavhengige bestillingsdokument. Og ein finn saksframlegg med framlegg til vedtak, med vurdering av om det i rapportar er svara på alle deler av bestillinga, om rapportane er forsvarleg utgreidd, samt framheving av ulike moment.
- Men så er det dessverre og nokre ordningar som synest vera fagleg svake i sin konstruksjon og utføring, der sakshandsaminga synest vera avgrensa til å kopiera revisor sine dokument og skriva referat i møtet. Ja knappast det, dersom revisjonen også kopierar og skriv framlegg til protokoll. FKT set eit stort spørjeteikn ved om nokre av desse oppfyller lova sine intensjonar. I beste fall er det tvilsame og uryddige ordningar, som gjerne er tufta på skrivekunst av ypparste slag for korleis eit kontrollorgan kan organisera sekretariatstenesta si, millimeter unna lovbrot.
- Ei tilnærming er at Dept. vurderar å forby einskilte ordningar.
- Ei anna tilnærming er at Dept. lagar ei uttømande liste over godkjente ordningar, og at ein evt. må søkja om dispensasjon for å ta i bruk andre variantar.
- Uavhengig av organisering er sekretariat med ein tilsett sårbar, når det melder seg ferie, sjukdom og når ei stilling står ledig (vakanse).
- FKT håpar at dette notatet vil gje lesarane eit betre innblikk i kontrollutvala sine mange ulike sekretariatsordningar, samt styrkar og svakheitar med dei ulike ordningane.